

Styremøte Norsk spaniel klubb avdeling Rogaland. 7.Juni 2016

Innkalt av: Leiar Eva Bjelland

Møtetype: Styremøte.

Deltakrar: Eva Bjelland, Lisbett Austrått, Hans Hodne, Siw Gjesdal, Anita Midthun, Charlotte Isabel Hystad, og Ketil Simonsen.

Gjennomgang av referat frå forrige møte: godkjend.

Sak ein: Drop boks med dokumenter for styret. Konto er oppretta, og nokre dokumenter lasta opp. Alle styremedlemmar får tilgang til å lasta ned, og til å lasta opp sine nødvendige dokumenter. Charlotte tek oppgåva som administrator for drop boksen.

Sak to: Økonomi og medlemmer.- pr. 7 juni har klubben 135 medlemmer.

Sak tri: Aktivitetslista.- Det går mot sommeravslutning for agility. Lisbett har orden på arrangementet. – Me vil framover senda ut epost ved større arrangement(Til dømes familiedag, utstilling) og sånn ca kvartalsvis til medlemmene. Det vil då vera oppdatert informasjon om kurs, treningar, påmeldingsinfo, og liknande, for å minna folk om kva som skjer i klubben. Eposten kan godt ha med aktivitetsplanen, med kommande aktivitetar utheva. Ein må og vera tydlegare på at påmelding skal sendast på epost.(Å trykka deltek på facebook held ikkje.)
-Laga arrangement for jaktprøvar(Facebook,heimesida) Med henvisning til NKKs terminlister.
-Må ta kontakt med Ida Anette. Oppdateringar frå Haugalandet.
-Klyppekurs. Flyttast til august. Staden vert hjå Hans Hodne, dato 23 august, kl.1830. Påmelding innan 15 august. Eva tek ansvar for å skaffa instruktør.
-Fotokurs går sin gang, med hundar og alt.
-Informasjon om kvalpekurs kan godt oppdaterast. Hvis stor pågang-eit kurs til.

Ny spanielbok. Inn på konto ved salg, 250 kr. Selges på arrangement, den ansvarlege ved kvart arrangement sørger for betaling til klubben, og gir beskjed til Lisbett. Og til Siw, for å oppdatera varebeholdning.

Styret ynskjer å ha administrator rett på facebook.

Jaktanleggsprøve 27 august. NKK representant: Eva, prøveleiar: Charlotte.

Familiedagen 28 august.- invitasjon kjem i våre spaniels, og skal leggst ut på facebook.

Jaktinnføringskurs 20august i Ølensvåg. Pris 1000 kr.

Sauereinhet. Ketil får kontaktinformasjon av Hans, og prøver å få til kurs i sauereinhet i løpet av sommeren/ hausten.

Eventuelt: Ingen saker.

Neste møte etter planen 16. august. Stad ikkje avtalt ennå.